



- KUNNGJERING -

Akslandselva Kraftverk AS – Søknad om løyve til Akslandselva kraftverk i Akslandselva kraftverk i Etne kommune

NVE har motteke ein søknad frå Akslandselva Kraftverk AS om løyve til Akslandselva kraftverk AS i Etne kommune.

Prosjektet har to utbyggingsalternativ. Hovudalternativet til kraftverket vil ha ei yting på 2,1MW og gje ein produksjon på cirka 7,5 GWh, noko som tilsvarar straumforbruket til om lag 375 husstandar.

Uansett utbyggingsalternativ vil Akslandselva kraftverk nytte eit fall på om lag 325 meter i Akslandselva og inntaket vil verte på kote 340. For hovudalternativet skal bekkane frå Buhillersvatnet og Lauvikvatnet overførast og inntaka vil verte plassert høvesvis på kote 360 og 385. I det andre utbyggingsalternativet skal ikkje bekken frå Buhillersvatnet overførast.

Vatnet vert ført gjennom nedgravne røyr på 1270 m ned til kraftstasjonen på kote 15. Det vil bli bygd ein 1050 meter lang permanent veg mellom inntaket og eksisterande skogsbilveg. Kraftverket vil verte knytt til eksisterande 22 kV linje med jordkabel i same grøft som røyrkata.

Det er planlagt å sleppe heilårleg minstevassføring tilsvarande omlag alminneleg lågvassføring.

Søknaden vert handsama av NVE etter reglane i kap. 3 i vassressurslova, og gjeld løyve etter § 8 i same lov. Søknaden med vedlegg er lagt ut til offentleg ettersyn på tinghuset til Etne kommune i Etnesjøen og på biblioteket til Skånevik skule i Skånevik. Søknaden ligg også ute på NVE sine nettsider www.nve.no/konsesjonssaker fram til høyringsfristen går ut. Om du ønskjer papirutgåve av søknaden, ta kontakt med Sunnhordland Kraftlag AS v/ Sture Karlsen på tlf.: 53 49 60 64 eller e-post: sture.karlsen@skl.as

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan 15.5.2010. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Dersom fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidast eit samandrag som kan nyttast til dette.